

Rennesøy og Finnøy turlag



Årsrapport 2024

Rennesøy og Finnøy turlag



Nøkkeltal:

Medlemmer i turlaget:

660

Frivillig arbeid, dugnad:

521 timar

Deltakarar på onsdagsturen

291

Følgjarar på sosiale media(Facebook)

1673



På tur på Reianes. Foto: Oddrun Merete Handeland

Om Rennesøy og Finnøy turlag

Rennesøy og Finnøy turlag vart stifta i 2014, og er organisert som eit lokallag under Stavanger turistforening. Alle medlemmer av STF som har adresse til Rennesøy eller Finnøy vert automatisk medlem av Rennesøy og Finnøy turlag.

Formål

Turlaget skjøttar alle turløypene i Rennesøy kommunedel og på sjølve øya Finnøy i Finnøy kommunedel. I tillegg arrangerer dei nærturar, stiller på stand og engasjerer seg i spørsmål som påverkar friluftsområdet i øyane.

Styret

Kirsti W. Løvik – leiar

Oddrun M Handeland – sekretær

Johan Bull-Njaa – kasserar

Ove Handeland – styremedlem

Jane Meling – styremedlem

Sissel Bakke – styremedlem

Anny Hatlen – styremedlem

Ingeborg Bø Rolfsen – varamedlem

Valkomité

Jan Asjen Mensink

Anna Karin Bleivik



Leiar Kirsti W. Løvik. Foto: Oddrun M Handeland

Dugnadsgruppa

Turlaget har ein aktiv dugnadsgjeng som både gjer kontinuerleg vedlikehald i turløypene når det trengs, og stiller velviljug opp på arrangerte fellesdugnader. Me er svært takknemlege for alt det arbeidet som blir gjort i løpet av året.



Nokre frå dugnadsgjengen i aksjon på Finnøy i haust. Foto: Johan Bull-Njaa/ Odd Harald Rygg

Årsmøte, styremøte og andre møter/engasjement

Årsmøte og styremøter

Årsmøte vart halde på Sjøberg Feriesenter 8. mars.

Turlaget i 2024 har hatt til saman 7 styremøte, i tillegg deltok 3 frå styret på Turlagssamling på Holmavatn i januar.

Stavanger kommune og STF

Ein har hatt 6 møter med Stavanger kommune og STF der tema blant anna har vore skilt, L-nett sin utbygging av straumnettet, avtalar med grunneigarar, parkering og nye stiar.

Engasjement i luftspenn-saka

Styremedlem frå turlaget har også delteke på møter for å vise sitt standpunkt når det gjeld pågåande planlegginga av utbygging av straumnettet.

Reiselivsprosjekt

Turlaget har ein representant i reiselivsprosjektet Oppdag øyriket - midt i Rogaland. I fyrste omgang er det eit forprosjekt fram til våren 2025. Det er Stavanger kommune som eig prosjektet som har som hovudmål å utvikla reiselivet i kommunedelane Finnøy og Rennesøy. Satsingsområda er mat, natur og kultur.



Fjøløy fyr. Foto Oddrun M Handeland

Turløyper

Vedlikehald

Gjennom året som har gått er det utført kontinuerleg vedlikehald av turløypene på øyane.

Gjerdeklyvarar, lemmar og merkepålar har vorte skifta ut der behovet har vore. Steinar og pålar har fått eit nytt strøk blå (Finnøy) eller raudmåling (Rennesøy).

Av større arbeid kan ein nemne: På Bokn har turlaget vore å sett opp gjerdeklyvarar og merka ny trasé, og på Mjølssnes er det stadbygd ei bru langs bratt skråning.

Nye turløyper

Dette året fekk ein etablert og merka to (tre) nye turløyper i kommunedelane :

Mastravarden på Mosterøy og rundløypa Mjølssnes – Landasteinen (og Mjølssnesrunden som er ein del av løypa).

Etter lang tid og mykje arbeid vart i år alle avtalar med grunneigarar i orden, og stiane er merka av dugnadsgjengen, og godt mottekne av turgåarane. Informasjonsskilt og kart til å ha ved startpunktet til løypene er under utarbeiding.

Parkering

Mange av turløypene har høvelege parkeringsplassar, men ein arbeidar ennå med å få til betre parkeringshøve ved fleire turløyper.

Blant anna er Kvitevik på Finnøy utgangspunkt for turløyper og også offentleg badeplass, og ein håpar her på å finne ei god parkeringsløyssning for alle partar.

Kart og skilt

Turlaget har gjennom heilt året arbeidd aktivt i samarbeid med Stavanger kommune for å få på plass skilt i nye løyper, samt større informasjonsskilt som syner kart og informasjon over både løypa og løypenett over heile kommunedelane. I tillegg er «ku-vett»-plakatar laga klar til oppheng. Noko er på plass, men ennå står mykje arbeid igjen.



Flott landskap å arrangere nærturar i. Foto: Oddrun M Handeland



På veg til Bokn for å merke omlegging av trasé, samt setje opp nye gjerdeklyvarar. Dugnadsgjengen trilla alt med trillebår og rein muskelkraft rundt på øya, - i striregn!

Aktivitatar

Onsdagsturen

Etter påske starta ein opp med Onsdagsturen, - nærturar i Rennesøy og Finnøy kommunedel. Invitasjon til turane vert lagt ut på Facebooksida til turlaget, her vert det også lagt ut innlegg og bilete i etterkant av turane. I 2024 har Onsdagsturen hatt 23 turar, 11 i Rennesøy, og 12 i Finnøy. Til saman har 291 deltakarar vore på tur med turlaget i 2024.

Tomatfestivalen

Laurdag 17. august stod turlaget klar på stand under festivalhelga på Finnøy. Me laga flott stand som informerte om STF, turlaget, turløyper og aktivitatar. Lemmar, merkepålar og gjerdeklyvarar vart sette opp, slik at born og unge kunne leike seg i ei lita turløype i parken på Judaberg. Turbingo-ark var også ein kjekk aktivitet der alle fekk ein liten premie. Standen var svært vellukka med stor aktivitet heile dagen.

Fellesdugnadar

Fleire i turlaget har gjort kontinuerlig vedlikehald av løypene etter behov, men ein har også arrangert fellesdugnadar der ein har gjort større arbeid. Turlaget har i år hatt 2 fellesdugnadar på Finnøy, og 5 i Rennesøy. Ein fantastisk flott dugnadsinnsats er gjort i 2024; heile 521 dugnadstimar fordelt på 21 personar. Me er takknemlege og stolte!



Bekkeblom langs Mjølunesunden. Foto: Oddrun M Handeland



Onsdagsturen har vore ein populær aktivitet. Foto: Torin Tendenes



Flott stand på Tomatfestivalen. Foto: Oddrun M Handeland



Oppfrisking av merkepålar langs turløype på Rennesøy. Foto: Kirsti W. Løvik

Turpostkasse/bok

Det er plassert turpostkasse med besøksbok på nokre av turmåla i Rennesøy:

Rennesøyhodnet har registrert 4433 besøk (4500 i 2023), Pilå har registrert 4986 (4800 i 2023) besøk, og i boka på Mastravarden er det registrert heile 3900 namn i 2024.

Aktivitetar i turløypene i regi av andre:

KulTur - arr. Frivilligsentralane

Turlaget har stilt med turleiar med stor historie- og lokalkunnskap på fleire av desse turane.

I tillegg var to frå turlaget turleiarar i høve Haugesund turistforening sin tur til Rennesøyhodnet i mai.

«Finnøy og Rennesøy topptur», Trimpoeng-appen – Arr. Finnøy Frivilligsentral/Stav. Kom.

Fleire av turmåla er i Rennesøy og Finnøy kommunedel, og turmåla som ligg i turløypene har fleire tusen innsjekk i løpet av 2024. I 2024 var det 288 deltakar.



Turløypene på øyane vert flittig brukt. Foto: Oddrun M Handeland



Kveldsstund ved Habnene, Nordre Vignes. Foto: Oddrun M Handeland

Media

Sosiale media


Turlaget har eiga side på Facebook med om lag 1700 følgjarar. Sida vert aktivt brukt til å invitere på nærturar og andre arrangement, informere om rettigheter og plikter, og anna relevant informasjon. Sida har hatt ei positiv utvikling.



Turlaget har eiga Facebookside. *Skjermdump frå Facebook*

Lokalavis

Lokalavisa Øyposten har fleire gonger skrive om turlaget. Engasjement i saka om luftspennmaster over øyane, dugnaden ved merking av den nye løypa på Mjølshes, er nokre av sakene i 2024.



Omtale i Øyposten – Merking av ny turløype frå Mjølshes, Finnøy. *Skjermdump frå Øyposten*

Uttalar i saker som påverkar friluftslivet i øyane

Rennesøy og Finnøy turlag har gitt uttale til detaljregulering av gang- og sykkelveg der me oppmodar til å vurdera korleis ein kan kombinera gang- og sykkelveg med jordkabel. Sjå vedlegg.



Flott beitelandskap på Finnøy. Foto: Oddrun M Handeland

Vegen vidare...



...

- Informasjonsskilt med oversiktelege kart og informasjon
- Vedlikehalde eksisterande løyper, samt merke evt. nye løyper
- Betre parkeringstilhøva
- Engasjement i «Folkeaksjon mot luftspenn»

Vedlegg til årsrapporten:

- Uttale til detaljregulering av gang- og sykkelveg
- Rekneskap for 2024

Rennesøy og Finnøy turlag

